

KONTAKTBLAD FOR HJARTDAL

Nr.33 April 2002 13.årg.

HISTORIELAG


Velkommen til
Årsmøtet 2002
i Hjartdal historielag

Fossen kro
Tirsdag 7.mai kl.19.00

Vanlege årsmøtesaker

+

Ivar Dahl fortel om
Tov Reisjås lokalhistoriske arbeid



Årsmelding HHL 2001

- Det er halde eit styremøte - og fleire arbeidsmøte i samband med bildeutstillinga.
- Bildeutstillinga har vore hovudaktiviteten i år. Tiltaket blei vellukka gjennomført og var bra besøkt. Bilda er trygt lagra i det nye museumsbygget i Tuddal og vil bli brukt når det passar ved seinare anledningar
- Årsmøtet 2001 blei halde på Knutepunktet i Tuddal med omvisning og orientering i det nye museumsbygget
- Ein del fornying av internettssidene er gjort.
- To kontaktblad er gjevne ut - nr.31 og 32.
- Medlemstalet er stabilt
- Eit initiativ er tatt for å få laga ein film/video frå Bondalsmuseet. Dette arbeidet går vidare vinteren 2002

Regnskapssammandrag 2001

Saldo 1.1.2001:	kr 35968,50
Administrasjon, porto mv	kr 3116,00
Gaver stønad	kr 3 000,00
Kontingentar og abbonement	kr 1 560,00
Litteraturinnkjøp	kr 709,00
Medlemspengar innbet 2001	kr 8 600,00
Renter	kr 279,00
Bildeutstillinga samla utgifter	kr 22 301,00
	kr 11 879,00
	kr 27 686,00
Saldo 31.12.02	kr 20 161,50

«The Man from God knows where»

Ein del amerikanske artistar innanfor country/roots-musikk-sjangeren har gjennom tidene fått eit ekstra nært forhold til Norge. Kvaliteten og seriøsitet til desse «norgesvennene» kan nok variere, men for ei tid sidan kom det ei CD-plate av spesiell interesse, frå artisten Tom Russell. Dette var ei tema-plate der han tok for seg sin eigen families bakgrunn, folk av irsk og norsk slekt.

På plata nyttar han seg av mange interessante gjesteartistar. Og mellom verdensnamn som Iris Dement og Dolores Keane opptrer Anbjørg Lien, Knut Reiersrud, Kari Bremnes og ikkje minst Sondre Bratland.

Innhaldet i songane er om utvandring og livet i USA. Her får vi ikkje berre solskinshistoriane. Mykje av problemsidene ved det nye fedrelandet kjem også fram i lyset.

Plata er eigentleg grunnlaget for ein heil musikal om ut/innvandringshistoria, og Sondre Bratlands Rolle på plata er særleg interessant. Han syng rolla til Ambros Larsen - ein av forfedrane til Tom Russell. Og mellom songane til Sondre Bratland som er delvis på norsk og delvis på engelsk, kjenner vi også att telemarkske folketonar. Vi hører han også synge duett med Iris Dement og Kari Bremnes.

Produksjonen gjev mange vakre lydopplevelingar, ikkje minst der hardingfela og nyckelharpa til Anbjørg Lien blir kombinert med eit elles moderne internasjonalt lydbilde. Og dei svært ulike sangstemmene gjer plata til eit både lærerikt og velklingande produkt.



Etter å ha deltatt på et møte om saka, er vi bedne av skogeigarforeninga om å formidle dette skrivet til medlemmene:

Til aktuelle organisasjoner i Hjartdal, Notodden og Tinn:

MILJØVERDIER, KULTURMINNER ETC

I forbindelse med utøvelse av skogsdrift og annen virksomhet, kommer vi fra tid til annen i nærheten av områder der det bør tas spesielle hensyn. Dersom skogbruksleder eller entreprenør ikke kjenner til forekomsten kan det bli forvoldt unødvendig skade.

Vi savner en samlet oversikt over slike områder og inviterer derfor deres organisasjon/institusjon til å ta kontakt med aktuell skogbruksleder og få tegnet inn på kart de områdene som ut fra de interessene dere representerer er spesielt viktige.

Skogbruksleder i Hjartdal er Bendik Skeie, 35010188 og 94107729.


Det er fortrinnsvis små områder av spesiell verdi (så som tiurleiker, rovfuglreir, salamanderdammer, hustufter etc.) vi er ute etter. De behøver ikke være av en slik karakter at de formelt sett har krav på vern, vi er ute etter så langt det lar seg gjøre å ta hensyn til det andre brukere av skogarealene våre mener er viktige.

Mer omfattende ting som nasjonalparker, landskapsvern-områder og vassdragsvernplaner er også viktige, men ikke noe vi kan ta tak i denne sammenheng.

Med hilsen
**AGDER-TELEMARK
SKOGEIERFORENING**



Halvor H.Sisjord - snart i bokform



Halvor Sisjord har i mange år vore ein aktiv diktar og skribent med tilhald og utgangspunkt i hjartdalsbygda. Etter å ha fått Tilla og Oles legat og Gudrun Hovde Våles legat tildelt under slåttefestivalen 2001, har ideen om å få samla og utgitt noko i bokform blitt konkretisert, og han håper å få ferdig boka til slåttefestivalen i sommar.

Halvor Sisjord femner over mange sjangrar som dikt, avisartiklar, småstubbbar, historiske

tilbakeblikk og bruksdikting som prologar, minneord osv.

Som smaksprøve på kva vi kan vente oss, trykker vi her ein av dei lokalhistoriske artiklane hans:

MØLLEDRIFTA SKAPTE LIV OG ARBEID

(Tidlegare trykt i «Telemarkingen 1982»)

"Für fabrikken Welta, Norwegen." Ja, slik stod det å lesa på sendinga som kom frå Tyskland til Velta mølle i 1939, seier Olav S. Våle. Den gamle fossekvenna i Velta kjøpte han av Ola Tovson Berge og Søren S. Høgetveit nokre år før, reiv det gamle ned og bygde oppatt nytt. Velta hadde ord frå gammalt av for å vera eit godt kvennstø, og hadde vel vore i bruk lenger enn nokon visste.

Ja, det var O.S. Våle som bygde og åtte den nye Velta mølle, det som seinare blei A/S Hjartdal Bygdemølle.

Som sagt - året var 1939, og krigen var i full gang i Polen. Olav Våle seier spaninga var stor. - Han var redd for at vassturbinen som var tinga hjå firmaet Burmeister & Wein i Tyskland, ikkje kom til å koma. Men det heldt så vidt.

Og det kan trygt seiast at da nybygget stod ferdig, var det ei moderne mølle - frå den summande turbinen i kjellaren og til kornloftet. Difor kunne ein i oppstartingstida lesa store lysingar i avisene: Hjartdal nye tidsmessige mølle osv. Det var noko heilt nytt i bygda, dette. Som alt

nemnt hadde vel bygda hatt både myllarar og kvennar så lenge byggaks har gråte dogg over varm åkerjord. Men det var på den gamle måten, med vasshjul og kvernsteinar som mol heller grovt.

Likevel, me skal nok akte oss for både å tenkje og tale nedsetjande om dei gamle kvennane og dei gamle myllarane: Dei heldt livet i folk, dei - det var ikkje noko mindre!

Med den nye mølla hadde maskinteknikken eit lite inntog i det vesle bygdesamfunnet. No kunne dei som hadde noko å mala få finsikta kveitemjøl like kvitt og fint frå mølla som det som var å få kjøpt i butikkane. Og var berre kornkvaliteten god nok, var det ingen ting i vegen for å få både semulegrynn og bygg-grynn av topp kvalitet.

Det kan trygt seiast at det var ei lykke for bygdefolk og mange andre at den gode mølla blei ferdig og var i drift gjennom alle dei vanskelege krigsåra. Å nei - det var ikkje berre bygdefolk - det kom store kornlass både med hestar og bilar frå Sauland og Tuddal og Heddal, ja, heilt frå grensa mot Sauherad. Og mykje korn kom frå dei nærmaste bygdene vestover.

Mølledrifta skapte liv og arbeid. Lass på lass med korn og mjøl etter vegane - og ved mølla stod hestar med dekken på og knurpa grønt høy i kalde vinterdagar. Hestekarar råkast og nytt spurdest. Og alle var meir enn blide mot myllarane - i håp om å få mala ein "liten skryll" meir enn det

som tilvisinga frå forsyningssnemnda lydde på. Ein pose med litt ekstra fint korn til malt var kanskje òg med - litt godt juleøl kunne sakte trengjast i ei vanskeleg tid med rasjonering på nesten alt.

Somme, slike som hadde lang veg og gjerne ville få med seg att mjølet, måtte overnatte. Da var det å få husrom for seg sjøl og hesten på ein av gardane, og som oftest lukkast vel det. Av og til kunne det råke at slike hadde hestar på handel. Og ingen som vil selja, seier at hesten er gammal og utsliten.

Ein gong var det ein som hadde hest til sals - og kom i "akedering", som det heiter. Men husverten hadde vel ei kjensle av at fødeåret til gammen låg ein god del lengre attende i tida enn seljaren ville ha det til. Men framandkaren stod på sitt - sjølsagt. Om morgenon var den slitne hesten støl og stivbeint som ein sagkrakk etter den lange reisa dagen før. Og da han skulle ut or stallen og over dørstokken i morgonskyminga snubla stakkaren og datt på kne. Men da blei det liv i køyrekaren! Han blei kvass i målet så det small i veggene: «Uff! Ditt kåte best - vi` du trø meg i hel!»

Arbeidsliv og folkeliv heng i hop ofte; stillest det med det eine, så stillest det med det andre. No er dagane for Velta mølle stille, grå og triste. Og grått og trist og verslite står det einsame huset liksom fattigsleg lydande på eit spinkelt skvasl borte frå berget - der det eingong rauk ein dundrande foss.

Da Hjartdøla-utbygginga tok vat-

net, miste den fine turbinen både makt og mæle. Elektriske motorar kom i staden, men drifta gjekk det nedover med jamt og trutt. Kondyrkinga i fjellbygdene blei for tungvinn. Lenge var mølla open frå hausten og framover mot jul, men no er det på det nærmeste slutt. I dei siste 10-12 åra er det John S. Våle på Døssjå som har vore myllar. Men no i haust kan det knappast reknast i veker det vesle mølla har vore open. Det er berre litt grautemjøl som har blitt male - noko som eit par av butikkane i bygda har som spesialitet. At det var, og framleis er, kvalitet i det som eingong heitte Hjartdal nye tidsmessige mølle - det kan skrivast under på. Og det kan tyde på at myllaren ikkje er så verst han heller.

Jørgen Nordbø, ein av kjøpmennene i bygda, selde i fjar nokre kg grautemjøl (grunmjøl) til ei dame frå Svartdal - og sjølsagt mange, mange andre. Alle som likar god bygg-mjølsgraut og som er kjende i butikkane i Hjartdal, kjøper dette mjølet.

I fjar som alle andre år, tok julehandelen og julehøgtida slutt, og nyåret kom. Og ein vakker dag tok Jørgen telefonen som ringde - det er da like vanleg som å selja eit brød for den som driv butikk. Men dette var ei heilt framand røyst og litt uvanleg dialekt. Det var frå Røros, og ei mannsstemme spurde om det var den Jørgen Nordbø som hadde så godt grautemjøl, han snakka med. Ja-a,

Jørgen trudde da det. - Om han kunne få kjøpe 800 kg? Åtte hundre kilo! Den gode Jørgen såg vel i farten for seg ein uhorveleg graut - og tykte dette var i meste laget. Men da karane hadde prata litt meir, visa det seg at han på Røros òg var kjøpmann, og gjerne ville ha grauteråstoff for kundane sine. - Vidare fortalte Rørosmannen at han kjende ho dama frå Svartdal. Ho var gift i byen, og det var ho som hadde kome med det gode mjølet til Bergstaden. Ja-ha - Jørgen kunne skaffe mjøl. Han lova å ha det liggande, og så ville mannen frå byen ved Rugelsjøen koma og hente det - personleg.

Slik kom det ikkje til å gå. Da det leid på litt, ringde mannen på nytt og bad om Jørgen ville senda mjølet. Han var litt til års, og lika ikkje serleg godt å køyre så langt når han fekk tenkt seg om. - Senda mjølet kunne nok ein lettvinn hjartdøl gjera. Men frakta - den kom til å bli like dyr som det mjølet kosta? - Det er det same, svara det i Røros-enden av tråden. Eg betaler!

Mjølet blei sendt. Og truleg har mang ein rykande varm graut koka av Hjartdals-mjøl vore til glede på mange bord i den sagnomsusa Bergstaden. Me unner så gjerne alle der oppe både eitt og fleire gode måltid. Det er så rart med Røros. Me er alle liksom kjende der. Mange av oss har da både ein og fleire gonger vore i lag med Ol-Kanelesa, Sigmund prest, Gunilla, An-Margritt - og alle dei andre.


Aktivitet i historielaget

Eit lag blir alltid det medlemene gjer det til. HHL's aktivitet har vore prega av ulike prosjektarbeid, som f.eks. bildeutstilling nå sist. Dessutan har styret *si* oppgåve med den formelle drifta av laget. Vi kunne gjerne tenke oss meir aktivitet mellom medlemmene. Dette kunne vere faste medlemstreff, samlingar omkring enkelte tema e.l. Er det interesse for dette, så må styret få tips om det. Alle slag initiativ frå medlemmene tar vi mot med glede til vurdering.

Elles er det mangel på stoff til kontaktbladet. Det er mykje kunnskap mellom medlemmene som sikkert kunne passe. Ta kontakt (35023011 liskoje@hotmail.com). Kanskje kan vi dermed få ut blad oftare.

Vi minner elles om kurs i Brother's Keeper (Slekt på data), som vi skreiv om i forrige blad. Eit par medlemmer har meld si interesse, men vi vil gjerne ha med nokre fleir.

I det heile er det mykje innanfor lokalhistorie der ein kan ha nytte av datamaskinen. Ofte er det ein fordel med fleire samla om same interessa. Bruk historielaget for å treffe desse.



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150 to-hy@online.no
Kontaktblad- og web-red.: Leif Skoje,
3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 liskoje@hotmail.com
Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>
Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer.
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde.
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*